



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 18.10.2017
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 10.00 - 12.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalseiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	Sjuk

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Varamedlem	Var kalla inn som evt vara i sak 016/2017, men vart permittert

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann		
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Kultur- og	Administrasjon	

	utviklingssjef		
--	----------------	--	--

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2017	Godkjenning av møtebok
015/2017	Orienteringssaker
016/2017	Framlegg til vedtak - søknad frå SeaCamp AS, gründerhus .

Notat frå møtet:

013/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

015/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Det var ingen orienteringssaker. Næringssfondstyret ynskjer å få fortløpande framlagt informasjon frå administrasjonen om delegerte vedtak.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

016/2017: Framlegg til vedtak - søknad frå SeaCamp AS, gründerhus .

Behandling:

Representantar frå SeaCamp A/S presenterte søknaden og informerte om prosjektet.

Kristin Nåmdal tok opp spørsmål om sin habilitet i handsaming av saka. Spørsmålet var grunngeve med at ho sjølv vurderer å etablere bedrift i Mo sentrum, der ho skal selje bakverk. Ho ba Næringsfondstyret vurdere om det er særigne forhold rundt dette som kan svekke hennar habilitet i saka. Næringsfondstyret kom etter ei samla vurdering fram til at Kristin Nåmdal er habil til å delta i hadsaminga av saka.

Framlegget til vedtak vart innvilga med samrøystes vedtak

Vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 453 750,- i lån og inntil kr. 500 000,- i tilskot frå næringsfondet til SeaCamp AS.

Løyvingane er på til saman inntil kr. 953 750,- (35 % av totale kostnader) og skal nyttast i tråd med søknad om *gründerhus for Modalen og omegn* d. 23.09.17 – kjøp av hus og tomt. Lånet skal sikrast med pant.

Lånerenta er den til ei kvar tid gjeldande rente i næringsfondet og skal tilbakebetalast med like store halvårlege avdrag i 10 år.
